

ETNE KOMMUNE

SAKSUTGREIING

| | | | |
|--------------------|-----------------|--------------|---------------|
| Utval | Møtedato | Saknr | Saksh. |
| Komite Forvaltning | 11.09.2014 | 069/14 | ROB |

| | | |
|-------------------------------------|---|----------------------------------|
| Sakshandsamar: Roar Bævre | Arkiv: N-504, gnr- 055/003, PlanID- 201309, N- | Arkivsaknr: 2013001692 |
|-------------------------------------|---|----------------------------------|

1. GONGS HANDSAMING AV DETALJREGULERING FOR LAUAREID NÆRINGSOMRÅDE - DEL AV GNR 055/003

Vedlegg i saka:

1. Føresegner. Dagsett 03.06.2014
2. Plankart. Dagsett 03.06.2014
3. Planomtale. Dagsett 03.06.2014
4. ROS analyse. Dagsett 03.06.2014
5. Naturmangfaldslova. Dagsett 01.04.2014
6. Profil. Dagsett 3.06.2014

Utrykte saksdokument:

Komité forvaltning-sak 111/13 dagsett 14.11.2013

Saksgang:

Komité forvaltning
Offentleg ettersyn
Komité forvaltning
Kommunestyre

Utskrift til:

Sakshandsamar

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

1. gongs handsaming av ei detaljregulering for næringsområde på Lauareid. Gnr 55 Bnr 03.

2. Bakgrunn for saka:

Tiltakshavar (Skånevikstrand maskinstasjon) blei i sak 111/13 i Komité Forvaltning i møte den 14.11.2013 pålagt å utarbeida ei reguleringsplan for det eksisterande næringsområdet på Lauareid. Oppstartsmøtet blei halde den 12.12.2013. Eit undervegs møte blei halde den 02.06.2014 der dei siste detaljane rundt planframlegget blei diskutert.

3. Problemstilling:


Føremålet med planen er å leggja til rette for å nytta eit område til produksjon og lagring av murestein frå nærliggjande steinbrot og til uttak av stadeigne massar i samband med utviding av planert areal. Restareal vil bli regulert til LNF- område. Deler av planområdet er i dag regulert til næringsområde. Dette området var det tidligare rigg området som vegvesenet nytta under bygginga av Åkrafjordvegen. I dag er det Skånevikstrand maskinstasjon som nyttar området til knusing og lagring av steinmassar. Dagens bruk av området er annleis og meir omfattande enn det som var der tidligare.

Planområdet ligg mellom Stordalsvatnet og Åkrafjorden, på nordsida av vasskillet og grensande til nedbørfeltet til Etnevassdraget. Området ligg i øvre del av vassdraget som renn ut i Åkrafjorden ved Kyrping camping. Den gamle riksvegen går gjennom planområdet.

Oversiktskart henta frå planomtalen:



Oversiktskart. Kjelde: www.fonnakart.no



Plankart for Detaljregulering for Lauareid næringsområde. Teiknforklaring: L1 og L2: LNF område. BSM: Steinbrot og masseuttak. H310: Omsynssone skredfare. BKB1: Kontor/ lager. BKB2: Industri/ lager.

Planframlegget er datert 03.06.2014, sjå vedlegg, søknaden er rikt illustrert med kart, foto og illustrasjonar. Omega Areal AS har vore konsulent for søkjaren.

Utdrag frå planomtalen:

Utdrag s 5.

2.1 Føremål med planen

Føremålet med planen er å leggja til rette for å nytta eit område til produksjon og lagring av murestein frå nærliggjande steinbrot og til uttak av stadeigne massar i samband med utviding av planert areal. Restareal vil bli regulert til LNF- område.

Utdrag s 16.

6.1 Planlagt arealbruk og reguleringsføremål

I planforslaget er det lagt til rette for produksjon av murestein av tilkøyrde stein samt og produksjon/ lager av grus og pukk frå tilkøyrde og stadeigne massar. Det blir regulert areal til lokale for nødvendige støttefunksjonar som administrasjon, velferdsrom, garasje/ reperasjon samt plass for parkering og lagring av konteinrar.

Produksjon av murestein frå steinbrotet på Øvernes vil skje på nordsida av vegen. Steinavfall skal framleis bli lagra og knust på eit lågare plan enn produksjonen av murestein. Det er behov for å utvida arealet for knuseverk og lager. Utvidinga vil skje mot nord, og utsprengte massar vil bli brukt som råstoff for grus- og pukkproduksjonen. Innanfor areal regulert til steinbrot/massetak er det ca. 75 000 faste m³ masse. Etter kvart som arealet i massetaket på kote 172 blir utvida, vil det bli lagt til tilgrensande arealføremål industri/ lager og bli tatt i bruk til dette føremålet. Når det blir plass til det, er det meininga å bygga ein intern veg mellom øvre og nedre nivå parallelt med fylkesvegen. Arealet på sørsida av vegen vil bli brukt til administrasjon, velferdsrom, parkering, lager for tomme konteinrar og vedlikehald av maskinar og utstyr. Det kan bli aktuelt å setta opp ein egen hall for slike føremål.

Det er lagt opp til eit areal på 3.03 daa til kontor/ lager, 4.27 daa til industri/ lager, og 10.54 daa til steinbrot og masseuttak. I tillegg legg planen opp til 2.53 daa til føremålet LNF-område der det i dag er telekommunikasjonsnett. Elles vert 20.82 daa regulert til LNF- område, totalt 23.35 daa. Tilkomst til området skjer via eksisterande veg gjennom planområdet. Vegen er foreslått regulert til totalt 5.0 meter breidde. Vegen vil gå i eksisterande trasé, og har på det meste ei stigning på 1:10.

Det er planlagt eit massetak på om lag 75 000 m³ faste massar nord for gamlevegen og aust for E134. Dette vil gi nødvendig utvida areal for knusing og lagring av overskotsmassar frå produksjonen av murestein samt gi grunnlag for eigen produksjon av grus og pukk av stadeigne massar av høg kvalitet. Mengda på 75 000 m³ er sett ut frå eit ynskje om å ha tilgang til store nok massar til å vera konkurransedyktig i høve til prosjekt i den lokale marknaden. Det er planlagt å sikra ein trase for framtidig veg under skrenten i den austre delen av steinbrotet. Dette er veg både til skogområdet som ligg høgare enn steinbrotet, men og veg som tilkomst til pallar i stoffen på steinbrotet. Dette er ein veg som vil bli lite bruk og som derfor også kan vera ei sikringssone mot steinsprang frå den bratte skrenten.

Planforslaget vil ikkje vere i konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø, ei heller i konflikt med eksisterande busshaldeplassar eller gangveg knytt til desse. Dei ulike arbeidsoppgåvene som vil verta utført innafor dei ulike føremåla er delt, slik at all framtidig produksjon vil skje på nordsida av vegen. Trafikk på vegen vil ikkje vere naudsynt som del av arbeidet i produksjonslinene.

Utdrag side 12.

5.6 Rekreasjonsverdi/ rekreasjonsbruk, uteområde

Planområdet har i seg sjølv liten rekreasjonsverdi og –bruk då området har mykje skog og bratte parti. Sør for Lauareidtjørna og mot Stordalen har ein område med større rekreasjonsverdi med utsikt mot fjorden. Kyrping i nord har også utsikt og gode turmogelegheiter mot Åkrafjorden. Planområdet ligg noko skjult mellom desse områda, medan det er eit jordbruksområde vest for E134.

5.7 Landbruk

Arealressursen på planområdet er skog med markslaga open jorddekt fastmark og elles skog med særskilt høg bonitet, av typen lauvskog. Dette betyr at produksjonsevnen pr. daa og år er over 1,0 m³. Området er ikkje nytta til skogsdrift i dag, og store delar av planområdet vil verta regulert til LNF- område.

Utdrag side 18.

6.3 Miljøoppfølging

Produksjon av murestein og massetak vil føre til støvpartiklar i lufta. Dette vil vere eit lokalt problem, og vil i liten grad nå busetnaden i områda rundt. Planområdet vil også utgjere ureining i form av avgrensa søl av olje frå anleggsdrifta. Det er ikkje til å unngå at det blir sprengt ein slange under høgt trykk. Olja blir spreidd og absorbert i lausmassane. Alt i dag blir det kjørt ut vatn som blir spreidd for å redusere støv frå trafikk på grusa veger og flater. Etter kvart vil permanente veger og flater bli asfalterte for å redusere støvplage i eit område som elles er godt skjerma mot omgjevnadane; av skog og skjerningar. Finstoff vil bli vaska ut av regnvatn som følgjer Kyrpingvassdraget til sjøen. Anleggsområdet ligg øvst og i utkanten av nedbørfeltet slik at avrenninga har avgrensa omfang. Det vil bli bygd eit ope sedimenteringsbasseng i det lågaste partiet like ved undergangen under E134. På den måten kan ein få tatt hand om finstoff før dette følgjer vassdraget lenger ned mot område som alt er utbygde. Det er ikkje registrert sårbare økosystem i områda rundt planområdet, og det vil ikkje vere naudsynt med miljøoppfølging. Det er elles lagt opp til at drifta i alle ledd vil følgje krava i ureiningsføresegna.

Utdrag side 20.

7.2 Grunngeving til kvifor planen ikkje er konsekvensutgreiingspliktig

Tiltaket er av ein slik art at det skal vurderast i høve til § 4 i Forskrift om konsekvensutgreiingar (vedlegg II, nr.

10: Utvinningsindustri, herunder masseuttak).

7.2.1 Innhald og føremål

Planområdet skal primært nyttast til produksjon og lagring av murestein frå steinbrot utanfor planområdet. Steinbrotet med skiferstein ligg ved eksisterande E134 på Øvernes, om lag 1,2 km i retning Etne. I steinbrotet er det ikkje plass til produksjon og lagring av murestein eller til å ta hand om og vidareforedla overskotsmassar. Næraste høvelege område for slik verksemd er planområdet ved Lauareidtunellen. Planområdet har tidlegare vore nytta til riggområde for anlegget av ny E134. Lendet gir naturleg skjerming for støy frå verksemda som er pigging av stein, lasting av murestein på bil eller i konteinar og knusing, lagring og lasting av overskotsmassar til bruk som pukk og grus. Nødvendig utstyr er gravemaskinar med og utan utstyr for pigging, hjullastarar, knuse- og sorteringsverk samt konteinarar. Det er behov for større areal til å ta hand om overskotsmassane. Dette kan ein få til i planområdet ved å sprenga ut og utvida det området som alt er i bruk. Den utsprengte bergarten er ikkje skiferstein, men har ein kvalitet som er svært godt eigna som grus og pukk (finkorna granitt, gneisgranitt). Produksjonen føreset boring og sprenging, men elles ikkje anna utstyr eller aktivitetar enn det som alt er i bruk i området.

7.2.2 Grunngeving

Utviding av arealet vil legge tilhøva betre til rette for eksisterande verksemd samstundes som verksemda blir styrka med nye produkt og betre utnytting av menneskap og materiell, utan at det blir tilført nye aktivitetar. Det blir ikkje nye miljøverknadar samstundes som tiltaket er godt skjerma mot innsyn.

7.2.3 Tidsplan

Steinbrotet på Øvernes inneheld skiferstein for lang tids uttak. Det vil med dagens uttak gå lang tid før det er planert eit tilstrekkeleg stort areal til at det vil vera tenleg å flytta produksjonen av murestein, pukk og grus til sjølve uttaksstaden. Når det gjeld produksjon av pukk og grus frå stadeigne massar i planområdet, kan også dette utvidast med stadig mindre miljøverknadar fordi stoffen vil vera skjerma på tre sider. Dersom dette massetaket i framtida blir avvikla, vil arealet vera planert og skjerma og veileigna for ulike typer verksemd med god tilkomst til E134. Det vil då vera mogleg å sprenga ned pallar og plassera mindreverdige massar slik at det kan etablerast vegetasjon og til demping av store loddrette bergflater.

Utdrag side 21.

7.2.4 Nødvendige offentlege og private tiltak

Det er ikkje nødvendig med offentlege eller private tiltak av nokon art i planområdet. Alle tiltak er av ein slik karakter at dei er nødvendige for den daglege drifta av eksisterande og utvida verksemd. I dette ligg og ei oppstramming, oppmerking og markering av gamlevegen gjennom planområdet.

7.2.5 Konsekvensar, j.fr. punkt b) Vedlegg III. Rammer for krav til innhald i konsekvensutgreinga:

- Ureining: ikkje noko pårekeleg
- Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar: Produksjonen ligg sentralt i forhold til råstoff og marknad
- Kulturminner og kulturmiljø: Blir ikkje berørt
- Landskap: Massetak vil gi inngrep i landskapet. Her er landskapsinngrepet godt skjerma og vil i tillegg skjerma omgjevningane for verknadar av aktiviteten i området
- Jordvern: Ingen konflikt
- Helse: Ingen påverknad
- Tilgjenge til uteområde og gang- og sykkelvegnett: Gamlevegen gjennom planområdet fungerer som gang- og sykkelveg for lokaltrafikk og for fjerntrafikk langs E134. Ingen konflikt.
- Beredskap og ulykkesrisiko: Sjå ROS-analyse
- Barn og unges oppvekstvilkår: Ingen konflikt

Samla sett er det små og lite alvorlege konsekvensar av tiltaket. Tiltaket er i samsvar med den type tiltak som er lagt til grunn for kommuneplanen. Utvidinga i forhold til kommuneplanen har grunnlag i ei meir detaljert vurdering av behov og driftsmessige tilhøve enn det som har vore aktuelt i ein oversiktsplan og inneber ei justering/supplering meir enn ei utviding/ konflikt med kommuneplanen.

--

Utdrag frå planomtalen slutt.

Vi syner også til oppsummering av ROS-analyse side 22 og 23 i planomtalen, og eige vedlegg. Innkomne merknader til oppstart er omtalt frå side 24 til 26, og reguleringsføresegner frå 28 til 30. Bak i planomtalen ligg kopi av innkomne merknader frå Mattilsynet, Statens vegvesen, NVE, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Direktoratet for mineralforvaltning. Sistnemnte skriv at søkjar også må ha driftskonsesjon frå direktoratet.

4. Vurdering:

Planforslaget kan ikkje definerast til å vera i samsvar med overordna plan. Det gamle regulerte næringsområdet er svært lite samanlikna med det nye, som i all hovudsak er regulert til LNF- område i gjeldande kommuneplan. På den annen side er verknadane av planlagt tiltak skildra og vurdert i søknaden.

Det har vore eit ønskje med planlegginga å gjere den gamle vegen gjennom området tryggare å ferdist på. Dette gjer ein ved å holde sjølve drifta på nordsida på vegen, medan administrasjon, parkering, konteinrar og eventuelt hall for vedlikehald kjem på andre sida av vegen. Behovet for å krysse vegen med tungt utstyr blir såleis avgrensa. I tillegg legg ein opp til at det blir klart definerte avkjørslar, dette er spesielt viktig for den nedre avkjørsla som blir like ved undergangen til E134.

Planområdet ligg slik til at det er godt skjerma for innsyn frå europavegen. Ein får berre eit kort glimt når ein kjem ut frå eller går inn i Klypetunnelen. Det er ingen bustader som ser direkte inn i planområdet. Det er einast når ein oppheld seg på den gamle vegen gjennom området at ein får eit godt innsyn. Søkjar vurderer at tiltaket medfører liten sjenanse og vil merkast best av dei som brukar gamlevegen.

Omtalen om naturmangfaldet er spreitt på fleire kapittel i planframlegget og kunne vore meir detaljert. Ulike naturbasar og lister er sjekka, og det er gjort vurderingar etter naturmangfaldlova i eige vedlegg. Alt tyder på at området ikkje har nokon store verdiar, og er dominert av typisk natur med artar som er vanlege i regionen, lauvskog og blandingskog med innslag av planta gran. Grunntilhøva (berg og lausmassar) tyder heller ikkje på nokon spesielle naturverdiar i området. Det går hjortetråkk forbi anleggsområdet. Dagens drift ser ikkje ut til å ha påverka hjortetråkket negativt. Søkjar meiner at sjansen for påkjørslar også i framtida vil være liten. Sjå ROS analysen side 7.

I høve til støv, støy og avrenning med meir, vert det lagt opp til at drifta vil følgje krava i ureiningsføresegna. I føresegna er det nemnt grenseverdiar for kva som er tillete av ulike typar ureining. Sedimentasjonsbasseng er planlagt og er naudsynt for å avgrense avrenning til vassdraget.

Konklusjon: trass våre merknader meiner vi at planframlegget kan leggest ut på offentleg høyring.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i Plan- og bygningslova kap. 12 - §§12-9 og 12-10 - vert framlegg til detaljregulering for reguleringsendring for Lauareid næringsområde del av gnr. 55, bnr. 03 i Etne kommune lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Plankartet er dagsett 03.06.2014 og føresegnene er dagsett 03.06.2014

11.09.2014 KOMITE FORVALTNING

Knut Erik Ebne (Sp) ba om å få vurdert habiliteten sin.

RØYSTING: Samrøystes inhabil.

FV-069/14 VEDTAK: samrøystes

Med heimel i Plan- og bygningslova kap. 12 - §§12-9 og 12-10 - vert framlegg til detaljregulering for reguleringsendring for Lauareid næringsområde del av gnr. 55, bnr. 03 i Etne kommune lagt ut til offentlig ettersyn i minst 6 veker.
Plankartet er dagsett 03.06.2014 og føresegnene er dagsett 03.06.2014